

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
	23/427-1	Sonja Myhre Holten	11.04.2023

Høyrings svar – heilskapleg gjennomgang av honorarsystemet for frilanstolkar

Språkrådet viser til rapporten Helhetlig gjennomgang av honorarsystemet for frilanstolkar som Oslo Economics har gjennomført på oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID).

Språkrådet ynskjer med dette å gje tilbakemelding på korleis norsk teiknspråk og teiknspråktolkane er handsama i rapporten, sett i lys av språklova og tolkelova. Vi nyttar også høvet til å kommentera enkelte andre moment i rapporten.



Språkrådet konkluderer med at når teiknspråktolkane kan oppførast i Nasjonalt tolkeregister, må dei handsamast på lik linje med talespråktolkane.

Bakgrunn

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD). Språkrådet skal føre tilsyn med korleis dei som har plikter etter språklova, praktiserer og etterlever rettsreglane, og rettleie om kva som skal til for å oppfylle krava i lova.

Språklova

Språklova tok til å gjelde 1. januar 2022, og eitt av føremåla med lova er å sikre at offentlege organ tek ansvar for å verne og fremje norsk teiknspråk, som er eitt av dei språka staten har ansvar for. Lova slår også fast at norsk teiknspråk som språkleg og kulturelt uttrykk er likeverdig med norsk.

	Postadresse	Besøksadresse	Sentralbord	E-post	Organisasjonsnummer
	Postboks 1573 Vika NO-0118 Oslo	Observatoriegata 1 B NO-0254 Oslo	+47 22 54 19 50	post@sprakradet.no Internett www.sprakradet.no	971 527 404

I verne og fremje ligg det eit ansvar for å hindre at språket møter manglande respekt og får negative sanksjonar. Offentlege organ skal gje aktiv tilgang til norsk teiknspråk utover det som fylgjer av særlovgivinga, og dei skal setje i verk visse støttande tiltak for norsk teiknspråk i tråd med andre lover og forskrifter og folkerettslege avtalar.

Tolkelova

Den nye tolkelova tok også til å gjelde 1. januar 2022, og ho gjeld for offentlege organ som bestiller og bruker tolk i Noreg. Føremålet med lova er å bidra til å sikre rettstryggleik og forsvarleg hjelp og teneste for personar som ikkje kan kommunisere forsvarleg med offentlege organ utan tolk. Lova omfattar også tolking mellom norsk tale og norsk teiknspråk.

Tolkelova skal også bidra til å sikre at tolkar held ein fagleg forsvarleg standard. I det ligg det at teiknspråkstolkar skal kunne oppførast i Nasjonalt tolkeregister dersom dei oppfyller krava for dette.

I Prop. 156 L (2020–2021) Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven) blir det understreka at norsk teiknspråk er likeverdig med norsk talespråk, og at det derfor kan vere grunn til å ha like reglar om det ansvaret offentleg organ har for teiknspråkleg og talespråkleg tolking.

Om handsaminga av frilanstolkar

Nav er eit offentleg organ og er såleis omfatta av reglane i både språklova og tolkelova, som begge stadfestar at norsk teiknspråk og norsk talespråk skal vere likeverdige. Nav har dermed også eit ansvar for å verne og fremje norsk teiknspråk.

Nav har ei landsomfattande rammeavtale med ein leverandør av tolketenester som gjeld talespråk. Tenester frå denne leverandøren er knytte til lovpålagde krav om tolk.

Rammeavtala er framforhandla i dialog med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) «og et forum med andre aktører som anskaffer tolketjenester», som det står i Oslo Economics-rapporten (s. 28). Honorara i rammeavtalen er differensierte etter kategoriane i Nasjonalt tolkeregister.

Nav er den einaste formidlaren av tolketenester som gjeld teiknspråk, og desse tenestene er også knytte til lovpålagde krav om tolk. For desse tenestene er det Nav som fastset honorara, og dei er ikkje knytte til kategoriane i Nasjonalt tolkeregister. Her blir det berre differensiert

mellom dei tolkane som er «faglærte», dvs. har bachelorgrad i teiknspråk og tolking, og dei som er «ufaglærte» – og det blir også differensiert mellom dei som skal tolke for høyrslhemma/døve og dei som skal tolke for døvblinde. I denne samanhengen må det nemnast at Nav også har fast tilsette teiknspråkstolkar, og at det for dei gjeld eigne lønsavtalar.

I Prop. L 156 (2020–2021) blir teiknspråktolkane si plassering i Nasjonalt tolkeregister omtalt (s. 26): «Tegnspråktolker med bachelorgrad kan oppføres i kategori B i registeret. Det kan også legges til rette for at tegnspråktolker kan oppføres i kategori D etter å ha oppnådd 30 studiepoeng innen studiet Tegnspråk og tolking. For at tegnspråktolker skal kunne oppføres i øvrige kategorier må statsautorisasjonsordningen og Tospråktesten utvides til å omfatte tegnspråktolker og det må gjøres enkelte tilpasninger i kurset Tolkens ansvarsområde (TAO). Departementet mener det vil være en fordel om tegnspråktolker kan oppføres i alle kategorier i registeret, men det er ikke avgjørende at dette er mulig fra lovens ikrafttred.»

Ein konsekvens av tolkelova er at Oslomet på oppdrag frå IMDi no har utarbeidd eit forslag til autorisasjonsprøve i teiknspråktolking. I oppdragsbrevet sitt til Oslomet presiserte IMDi at «autorisasjonsprøven i tolking på norsk/norsk tegnspråk skal i språklig og tolkefaglig vanskelighetsgrad holde tilsvarende nivå som i statsautorisasjonsprøven i tolking for øvrige språk.» Når denne prøven er på plass, vil teiknspråktolkane kunne oppførast i kategori A i Nasjonalt tolkeregister på lik linje med talespråktolkane.

Det bør såleis ikkje vere noko i vegen for at dei teiknspråktolkane som har bachelorgrad i teiknspråk og tolking, kan oppførast i registeret under kategori B allereie no, og at teiknspråktolkar også vil kunne registrerast i fleire kategoriar etter kvart. Dermed vil det også vere rimeleg at dei blir handsama på lik linje med talespråktolkane når det gjeld honorering og differensiering av honorar. Dette vil heve statusen både til norsk teiknspråk og til teiknspråktolkane og gjere tolkeprofesjonen for teiknspråk meir attraktiv. Slik vil det også bli lettare å rekruttere nye teiknspråktolkar, og det kan stimulere frilanstolkar til å bli ståande lenger i arbeid.

Vennleg helsing
Åse Wetås
direktør

Lars Ivar Nordal
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Arbeids- og
inkluderingsdepartementet
Sara Elisabeth Nordahl Bruvoll
Signe Landsverk Holst